

INNKALLING TIL STYREMØTE

Stad:	Rådhuset i Øygarden kommune, møterom Rorsundet
Dato:	27.11.2017
Tid:	12:00- 15:00

19/17	Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte	
20/17	Framtidas kunnskapsklynge i nye Øygarden kommune Prosjektleder Tone- Merethe Aasen frå Sintef og Sigmund Kvernes frå Gode sirklar, orienterer om prosjektets innhald og framdrift.	
21/17	Orienteringssak om mulighetsstudie for sjømatnæringa i Region Vest fram til 2030 Framlegg til gjennomføring i kommunane Fjell, Sund og Øygarden Sigmund Kvernes orienterer om dette.	
22/17	Rehabilitering Først. Åse Vik frå Øygarden kommune kjem og orienterar om prosjektet Rehabilitering Først, som er eit felles prosjekt for kommunane Fjell, Sund og Øygarden.	
23/17	Møteplan 2018 Frå 01.01.2018 er det Sund kommune som overtek sekretariatet for Regionrådet Vest. Ordførar Kari-Anne Landro vert leiar i rådet. Vedlagt ligg forslag til møteplan for 2018.	
24/17	Ymse	



Referat frå styremøte

Stad:	Rådhuset i Sund kommune
Dato:	21.08.2017
Tid:	12 -15.00
Desse møtte:	Børge Haugetun (møteleiar), Marianne Sandahl Bjorøy, Kari- Anne Landro, Siri Fahlvik Pettersen, Steinar Nesse Informasjonsrådgjevar Vagleik Brekke og Inger Elin Hetlevik (møtesekretær).
Andre:	Wilhelm Angeltveit, skulesjef Fjell kommune, Jon Erik Egeland, Kommunalsjef Sund kommune, Rune Landro, kommunalsjef Øygarden kommune, Tone- Merethe Aasen, SINTEF, Sigmund Kvernæs, Gode Sirklar, Tom Georg Indrevik, Gode Sirklar og Tommy Knarvik, Sotra sportsklubb.
Forfall:	Rune Lid

Nr	Sak	Konklusjonar/ansvar oppfølging
14/17	Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte	Merknad til innkallinga: Sakframlegget i sak vedrørande Framtidas kunnskapsklynge var ikkje lagt med innkallinga. Dette vart delt ut på møtet.
15/17	Framtidas kunnskapsklynge i Sotra Kystby	Regionrådet Vest ønskjer å samarbeida med Hordaland fylkeskommune om kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune. Sigmund Kvernes i Gode Sirklar og Tone-Merethe Assen i SINTEF orienterte om eit prosjektforslag som skal gje eit breitt og mangfaldig utdanningsløp i samhandling med alle utdanningsnivå, offentlig sektor og forskingsmiljø. Prosjektet har ei kostnadsramme på 5,8 millionar kroner for perioden 2017-2019. Konklusjon: Sakspapira vart godkjent med ei endring i innstillinga frå rådmennene: punkt B og C vert slått saman til eit punkt B. Siste setning endrast frå «Framtidas kunnskapsklynge i Sotra Kystby», til «Framtidas kunnskapsklynge i nye Øygarden kommune» Det vart og bestemt at ein skal kalle inn til møte i regi av regionrådet, der ein ønskjer deltaking frå Fylkesrådmann og politisk og administrativ leiing i Fylkeskommunen. Første steg vidare er at styringsgruppa der dei tre skulesjefane deltek skal ha eit møte 12.sept. Dei skal lage ei forenkla presentasjon av prosjektet. Det er viktig å presisere at kommunane ikkje arbeidar på vegne av Fylkeskommunen, men i samarbeid med, då det er fylket som har ansvar for vidaregåande opplæring.
16/17	Nye Øygarden kommune 2020-eit samlande kollektivprosjekt	Styret drøfta om det er mogeleg med eit samlande kollektivprosjekt for Nye Øygarden kommune. Både Fjell, Sund og Øygarden har etablert kommunal transporttilbod, som eit supplement til dei fylkeskommunale bussrutene. I notatet som ligg føre for drøftinga kjem det fram at Hordaland fylke ikkje har vore engasjert i bestillingstransport. Bestillingstransport har vore utprøvd

		<p>i andre fylker med ulike løysingar /måtar å bestille på, men det fungerer. Det er ønskeleg at ein kan sjå på dette med bestillingstransport i Nye Øygarden kommune.</p> <p>Konklusjon: Regionrådet ber om eit møte med leinga i fylkeskommunen. Dette møtet kan gjerne kombinerast med møte om kunnskapsklynga. Regionrådet tenkjer at dette kan vere eit pilotprosjekt her i vest. Det er kome brev til kommunane frå Skyss om prioriteringar frå kommunane. Fjell kommune har svart. Sekretariatet undersøker om Sund og Øygarden har svart og hentar inn desse svara. Fjell kommune har ansvaret for å lage ei felles sak på dette.</p>
17/17	Orienteringssakar	<p><u>Gode Sirklar</u> Styreleiar i Gode Sirklar, Tom Georg Indrevik, orienterte om økonomien for selskapet. Ambisjonane og aktivitetane er større enn inntektsgrunnlaget. Konklusjon: Rådmenna lagar ei sak om Gode Sirklar til politisk behandling.</p> <p><u>Infrastrukturelle tiltak</u> Fjell, Sund og Øygarden har motteke 4 millionar kroner frå departementet til infrastrukturelle tiltak. Desse midlane er no fordelt med 1 million kroner til Velferdsteknologi prosjektet og 3 millionar kroner til data/IKT prosjekt. Desse midlane går inn i den prosessen som allereie er i gang. Fellesnemnda må få informasjon om IKT Prosjektet. Regionrådet er styringsgruppe i det prosjektet. Frist for rapportering er juni 2020.</p> <p><u>Fotballakademi</u> Tommy Knarvik, sportsleg leiar og trenar i Sotra Sportsklubb orienterte om fotballakademiet som er i regi av klubben. Fotballakademiet er eit spissa tilbod for unge fotballspelarar i alderen 10-15 år. Målet er å verte mellom dei beste klubbane i Hordaland når det gjeld spelarutvikling. Tilbodet inneheld blant anna transport frå skule til arenaen på Straume, lunsj, individuelle tilpassingar og gode verdiar, kosthald mm.</p> <p>Klubben er interessert i samarbeid med kommunane, mellom anna når det gjeld finansiering. Eventuell støtte til akademiet vil skje frå den enkelte kommune i regionen.</p> <p><u>Endringar i ekteskapslova</u> Med verkand frå 01.januar 2018 vert vigselfmynd overført til ordførar, varaordførar, kommunalt tilsette eller folkevalde som kommunestyret gjev slik myndigheit. Fjell kommune er i gang med å utarbeide sak om dette, og dei to andre kommunane følgjer også opp korleis den nye ordninga skal praktiserast, og nyttar felles saksgrunnlag med utgangspunkt i Fjell.</p>
18/17	Ymse	<p>Sykkel- VM Kring 11.september får alle innbyggjarar i kommunane eit informasjonsblad vedrørande Sykkel-VM.</p> <p>Neste møte er 27.november i Øygarden. Det siste regionrådsmøte i regi av Øygarden kommune. Frå januar 2018 er det Sund kommune som har sekretariat for Regionrådet Vest.</p>



REGIONRÅDET
VEST

Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.
17/796-3/FE - 035//INGLIT

Dato:
11.10.2017

Invitasjon til dialog om Framtidas kunnskapsklynge i nye Øygarden kommune

I intensjonsavtalen til nye Øygarden kommune står det at det er viktig at dei unge får eit breitt og mangfaldig utdanningstilbod med høg kvalitet innan vidaregåande og høgare utdanning. Det er ein ambisjon å få etablert eit «kunnskaps-kluster» innan aktuelle næringer. For å lukkast med dette skal det i samhandling mellom alle delar av utdanningssektoren arbeidast med å få etablert ein ny vidaregåande skule, i kombinasjon med høgskuleutdanning, til erstatning for den vidaregåande skulen på Bildøy.

Gode Sirklar AS leia på vegne av kommunane Fjell, Sund og Øygarden eit forprosjekt kalla «Bærekraftig region ved samordnet og målrettet kunnskapsutvikling». Prosjektet vart utført i samarbeid med Hordaland Fylkeskommune, Sotra Vidaregåande skule og Høgskulen i Bergen (no Høgskulen på Vestlandet). Der vart det dokumentert ei klar interesse og vilje frå deltakarane til å satse saman når det skal byggjast ein ny Sotra Vidaregåande skule. Det er ei sentral målsetjing å skapa nye samhandlingsmodellar i heile skuleløpet. Det vert fokusert på å skapa eit nytt innhald i utdanninga som møter framtidige behov betre, dette inkluderer det å la utdanningsinstitusjonane koma tettare på samfunns- og næringslivet i regionen og visa versa.

Regionrådet Vest hadde dette oppe som sak den 21.08.2017, sak 10/17, og gjorde vedtak om å utvikla prosjektet « Framtidas kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune», der ein byggjer vidare på grunnlaget som vart skapt i forprosjektet. Det er særskild viktig at det vert etablert eit langsiktig, profesjonelt samarbeid mellom kommunane Fjell, Sund og Øygarden og Hordaland Fylkeskommune. Ei slik satsing famnar både utdanning, regional- og næringsutvikling. Vi viser i den samanheng til den konstruktive dialogen som Gode Sirklar har hatt for å leggje eit grunnlag for samarbeid med utdanningsdirektøren og med leiinga i Sotra Vidaregåande skule. Det same gjeld Høgskulen på Vestlandet og Fagskulen i Hordaland som gjev tilsegn om deltaking i prosjektet. Det er lagt opp til at relevante forskingsmiljø og næringslivet skal bidra med å utvikle innhaldet i utdanninga som både må

Postadresse
c/o Øygarden kommune
Temholmvegen 2,
5337 RONG

Telefon 56 38 20 00 **Telefaks** 56 38 22 31 **E post** regionradetvest@oygarden.kommune.no

dekka det langsiktige utdanningsbehovet og etter- og vidareutdanningsbehovet i samband med all omstilling som vil koma i framtida.

Regionrådet Vest inviterer såleis til møte kring prosjektet «Framtidas kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune» måndag 27.november kl. 12.00 på rådhuset i Øygarden kommune.

På møte vil ein drøfte korleis samarbeidet kan utviklast mellom Hordaland Fylkeskommune og kommunane Sund, Fjell og Øygarden. Dette omfattar både innhald i utdanninga og prosjektgjennomføring av ein ny Sotra Vidaregåande skule.

Før dette møte vil det vere kontakt mellom Gode Sirklar, styringsgruppa i prosjektet v/kommunalsjefane i dei tre kommunane og administrasjonen i Fylkeskommunen. Prosjektet vil søkje om utlyste midlar til «Heilskapleg Samfunnsutvikling i Hordaland.»

Vi ber om tilbakemelding på om ein kan stille eller ikkje stille på møtet til sekretariatet: inger.hetlevik@oygarden.kommune.no, innan 14.november.

Med helsing

Inger Litlere Hetlevik
sekreteriat regionråd vest
På vegne av Regionrådsleiar Børge Haugetun

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

Mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN



MØTEPLAN REGIONRÅDET VEST 2018

MØTE	DATO	STAD
Rådmannsmøte Styremøte	12. februar (13:00-15:00) 26. februar(13:00 -15:30)	Fjell Sund
Rådmannsmøte Styremøte	07.mai (13:00–15:00) 28.mai (13:00 –15:30)	Fjell Fjell
Rådmannsmøte Styremøte	03.september (13:00 –15:00) 17. september (11:30 –14:30)	Fjell Øygarden
Rådmannsmøte Styremøte	12.november (13:00 – 15:00) 26.november (11:30 –14:30)	Fjell Sund